

Årsmelding for Hundvingrend Indremisjon 2017

Temaet dette året har vore « Anden gjev kraft, kjærleik og visdom»

Styret i 2017:

Leiar: Anny Refsdal

Nestleiar: Solveig Serigstad Hauge

Kasserar: Kaare Gaulen

Skrivar: Anita Gjerstad

Styremedlem: Jostein Hauge

1.vara: Hege Jektvik

2.vara: : Inger Anne Andersen

Styret har hatt 4 styremøter 2017 og handsama 32 saker. Sidan sist årsmøte har vi hatt eit ekstraordinært årsmøte i forbindelse med investeringar, og 2 medlemsmøter (eit om våren og eit på hausten).

| LINDÅS KOMMUNE | |
|----------------|--------------|
| Klassering | |
| 14 APR 2018 | |
| Ark. saksnr. | Løpenr. |
| 17/2003 | 18/7105 |
| Saksh. | Tilgangskode |

Husstyre: Magnus Stub Nilsen, Kari Brundtland og Geir Ove Solsvik.

Basarnemd: Anne Karin Hauge, Elin Gaulen, Elfrid Gaulen, Gunhild Sætre og Eli Solsvik

Revisorar: Rune Brundtland og Elin Nilsen

Valnemd: Brita Bøgevik og Tommy Andersen

Utsendingar til årsmøtet i Nordhordland Indremisjon var Kari Brundtland og Elfrid Gaulen.


Torsdagsmøter


I 2017 har me hatt 7 torsdagsmøter (4 på våren og 3 på hausten) På våren var Asle Hetlebakke på besøk to gonger, Audun Hjellvik ein gong og Leiv Nesheim ein gong. På hausten hadde me besøk av Christian Skoge, Audun Hjellvik (Arvid Larsen, Jostein Hauge og Tom Ove Lie bidrog med det musikalske), Vegard Hetlebakke (med TeDeum).

Diverse møter og samlingar

I 2017 har det vert 4 storsamlingar. På storsamlinga i april hadde me besøk frå eit lovsangsteam frå Nordhordland Folkehøgskule og i november fortalte familien Fylkesnes frå oppholdet på familiebibelskulen i Kenya.

I tillegg har me hatt åpningsfest for den nyoppussa salen i august der ordføraren kom og var med oss. I september reiste me ca 50 stk til Alværa på forsamlingsstur. Med oss frå





Nordhordland Indremisjon var Silje Elin og Vegard. Vi har også hatt familiemøte i mai, THK basar i september, hausttakkefest i samarbeid med soknerådet i oktober , Israelsmøte med Knut Sørheim i november, og adventssamling med Enjoy og juletrefest i desember.

Grillbasar

17. juni 2017 var det igjen tid for Grillbasar.

Då det var utsikt for mykje regn vart det laga til nede i matsalen, då salen oppe skulle pussast opp. Det vart dekka bord til 90 inkl. 1 bord på «VIP-rommet»— og det var nett fint! Fullt hus!!

To telt vart sett opp til grilling utafor lageret i sør, og på lageret der var det sett opp bord til salat, fat og div. tilbehør + kaker. Veldig lurt!

Det vart seldt 91 bøker på Hovedlotteriet. Det vart seldt ein del lodd på Lindås senter.

Me hadde 2 åresalg – kvart på 8000 nr. «Katta i sekken» heldt til på «VIP-rommet».

Totalt kom det inn ca. 40.000,-. Eit flott resultat! Enjoy song og Jostein Hauge hadde andakt

Laurdagstimen

I 2017 hadde me 43 betalande born på Laurdagstimen. Me startar alle samlingane i lag oppe i storesalen og deler oss deretter inn i aldersfordelte grupper. I år har 0-3 år gått inn i småsalen oppe, og 5.klasse + bruker «VIP-rommet» nede.

Leiarar; Anny Refsdal, Åslaug Hauge, Kari Brundtland, Inger Anne Andersen, Elfrid Gaulen, Anne Karin Hauge, Marianne Fylkesnes, Lena Pedersen, Mathilde Boegvik, Elin Gaulen, Aina S. George; Elin Kaspara Lie, Tom Ove Lie og Anita Gjerstad.

Ein flott besteforeldregjeng med Britt Torsvik i spissen sørger for nydeleg graut til kvar Laurdagstime. Tusen takk!!

I 2017 hadde me 12 Laurdagstimar totalt (6 på våren og 6 om hausten). I tillegg hadde me eit HallorenVenn karneval 31.oktober med over 100 påmeldte barn.

På våren reiste og ein del av ledarane på Laurdagstimen på barnelederkonferanse på Straume. Her fekk me informasjon om Awana. Opplegget virkar bra, og me får sjå framover om me tar noko av det i bruk.

Tweens


I 2017 vart det arrangert Tweens 10 gongar. Aldersgruppa er 4. til 7. klasse, og det pleier å vere 12-15 deltakrar kvar gong. Første halvår så kunne 7.klasse vere med på både Tweens og Nattkafe, men det vart gjort om på hausten.

Me har andakt og syng i lag, og ellers er det valfritt kva dei vil gjere. Nokon spelar brettspel, andre bordtennis og det er veldig populært med stikkbball i salen oppe.

Leiarar i 2017 har vert Kari Brundtland, Jostein Hauge og Kjartan Refsdal.

Når me ikkje har hatt andakt sjølv så har me har fått besøk frå Nordhordland Indremisjon. Då har dei og vert med på heile samlinga.





Det var Kari Brundtland som starta opp med Tweens, og har gjort ein flott innsats i fleire år. Ho gav seg som leiar til hausten, og me vil rette ho ein stor takk. Me har ikkje fått inn ein fast leiar for ho, men det er ei gruppe som deler på det.

Nattkafe

Nattkafe er ett tilbod fra 7.klasse og oppover. Frå hausten 2017 satt me opp aldersgrensa til å gjelde frå 8.klasse. Me har nattkafe første fredag i måneden, frå klokka 19.15-22.30. Me er 4 vaksne; Hege Jektvik, Geir Jektvik, Øyvind Hauge og Hilde Jordal

Varierer litt kor mange som kjem men det er 20-30 ungdommer/vaksne kvar gong, og kvar gong kjem det nye fjes ☺

Me har kiosk, med salg av brus, chips og sjokolade, og varm mat. Etter å ha prøvd forskjellige varmretter, er det pommes frites som er best sal på. Innimellom lagar me vafler (som me sel).

Me bruker heile huset, nokon ønskjer å berre sitte å prate, nokon speler brettspill, andre ballspill.

Etter andakten kan dei som vil vera med å spille bingo.

Andakt har vi kvar gong. I høst hadde me besøk av Tony Andreasson han hadde eit opplegg over 4 ganger, med følgene tema;

Mobbing, Narkotika og rus, Kjærighet og livet, Vennskap

-Kva det gjer med livet, og det å finne trøst og fred i Gud. Han fortalte om seg sjølv, frå barndom, ungdomstid, kva han gjer i dag. Veldig kjekt å ha han på besøk! Vi har hatt andaktsholdere frå Nordhordland Indremisjon og andre, dei har sjølv fått velge tema og lengden er 15-20 min.


Nabolunsj

Kvar første måndag i månaden, mellom kl. 12.00 og 13.30, har det vore nabolunsj på bedehuset. Det har vore svært kjekke samlingar med mykje god mat, takka vere det gode påleget folk har med seg, og godt fellesskap. Det er mange kjekke menneske som bur her i bygda! Vanlegvis er vi mellom 25 og 30 godt vaksne menneske. Ofte har dei som kjem hatt med seg noko å dele med oss andre: T.d. forteljingar, dikt, konkurransar og opplysningar, særdeles kjekt! Vi i komiteen har gjerne lese eit bibelvers eller delt kristne dikt.

CBSI

I februar 2017 vart det starta eit bibelstudie kalla Community Bible Study (CBS) i bedehuset. Dette bibelstudiet er bygd opp av fem element: individuelt studie, gruppe diskusjon, oppsummering, bibel kommentar, og omsorgsfullt fellesskap. 22 personar meldte seg på studiet av 1. Johannesbrev, som gjekk annankvar måndag i vårsemesteret. Over sommaren var det eit opphold, før det, i september, blei halde ein «smaksprøve» av kva CBS bibelstudie er. Ca. 20 personar møtte på «smaksprøven». Måndagen etter starta studiet av Jakobs brev. 23 personar meldte seg på dette studiet, som har strakt seg inn i 2018. Både i vårsemesteret





og haustsemesteret har deltagarane vore delt i tre diskusjonsgrupper, før alle gruppene kjem saman for oppsummeringa av dagens tekst. I løpet av 2017 har 9 personar fått opplæring som gruppeledarar og 9 personar har fått opplæring i det å halde oppsummering. Det har vore spanande å bli betre kjend med Guds Ord både individuelt og saman med kvarandre. Fleire personar har kommentert at bibelstudiet har hatt ei positiv innverknad på livet deira.

Buheimleir

13.-14.mai var det klart for bu-heime-leir med Anny Refsdal som leirsjef. Med oss fra Nordhordland Indremisjon var Silje Elin M. Sande. Ellers var det mange frivillige i aksjon. Totalt var det med 49 barn og 42 voksne. Me hadde sykkelgruppe, idrettsgruppe, bakegruppe, rc-gruppe, småbarnsgruppe, turgruppe og dans og drama. Ein flott leir som me prøver å ha neste år også.

Nyttårsafta

For første gong ville me prøva å feire nyttårsafta i bedehuset. Me samlast kl 20.30, og alle hadde med seg noko å eta/drikka. Me var 25 stk, store og små. Timane gjekk fort med leik og moro fram til midnatt. Då gjekk alle ut, og me hadde fyrverkeri. Me var alle enige i at dette må bli ein tradisjon i bedehuset.

Husstyret

Vi har hatt 4 møte det siste året.

Ansvarsområda er dei same som tidlegare:

Magnus Stub Nilsen – Uteområdet, ta kontakt med røyrleggjar, branntilsyn.

Geir Ove Solsvik - Alt som har med det elektriske anlegget å gjere.

Kari Brundtland - Innkjøp, vaskelister og nøkkellista

Dette året har det vorte gjort mykje oppussing og vedlikehald:

Magnus har grove frå langs heile grunnmuren for å få måla han med Hey'di grå (måling og puss) heilt ned til starten av muren. Grov grusen inn til muren att, veldig stort og nødvendig arbeid.

Salen oppe heilt oppussa i juni. Her hadde vi målar, teppeleggjar og snekkar i arbeid, men det var mykje dugnadsarbeid i tillegg. Takk for mykje for innsatsen de gjorde.

Gongen nede vart måla i sommar. Mange dugnadstimar her og. Stor takk til dei som deltok!


Gongen oppe fekk vi ikkje måla dette året, men han må takast så snart som råd er.

På det ekstraordinære årsmøtet vart det bestemt at parkeringsplassen skulle utvidast mot nord.

Kaare Gaulen fekk ansvaret for framdrifta av arbeidet. Parkeringsplassen var ferdig utvida til vi starta opp arbeidet i haust.

På den vanlege dugnaden vi har på våren, var det mange som sto på og vi fekk gjort alt som var planlagt, tusen takk.





Styret vil retta ei **stor takk** til alle som er med og bidreg på ulike måtar til det gode fellesskapet på bedehuset. Vi ynskjer Guds gode velsigning inn i 2018!

Til slutt vil vi minnast dei som gjekk bort i 2017:

Asbjørn Arthur Skodvin
Nelly Marie Ones

Anita Gjerstad

Hundvin 20.01.2018
Anita Gjerstad



Resultat

Dato: 01.01.2018

Side: 1

Periode: 1 - 12
Regnskapsår: 2017

| Konto | Tekst | Reelt i periode | Budsjett i periode | Avvik i perioden |
|-------|----------------------------------|--------------------|-----------------------|---------------------|
| | Driftsresultat | <u>2017</u> | <u>2016</u> | |
| | Driftsinntekter | | | |
| | Salgsinntekter | | | |
| 3000 | Medlemspenger | -2 800,00 | -2 200,00 | -600,00 |
| 3010 | Basar | -40 663,75 | -40 682,00 | 18,25 |
| 3015 | Gjevarteneste | -121 573,70 | -67 203,08 | -54 370,62 |
| 3100 | Kollektar | -19 077,61 | -10 246,00 | -8 831,61 |
| 3210 | Andre inntekter | -79 176,94 | -53 220,01 | -25 956,93 |
| | SUM Salgsinntekter | -263 292,00 | -173 551,09 | -89 740,91 |
| | Andre inntekter | | | |
| 3600 | Husleigeinntekter | -7 800,00 | -13 800,00 | 6 000,00 |
| | SUM Andre inntekter | -7 800,00 | -13 800,00 | 6 000,00 |
| | SUM Driftsinntekter | -271 092,00 | -187 351,09 | -83 740,91 |
| | Driftskostnader | | | |
| | Varekostnad | | | |
| 4000 | Driftsutgifter | 42 768,19 | 43 473,85 | -705,66 |
| | SUM Varekostnad | 42 768,19 | 43 473,85 | -705,66 |
| | Andre driftskostnader | | | |
| 6015 | Avskrivning på inventar | 16 571,00 | 20 000,00 | -3 429,00 |
| 6200 | Straum | 33 941,56 | 24 277,25 | 9 664,31 |
| 6550 | Andre utgifter | 17 673,25 | 20 318,09 | -2 644,84 |
| 7020 | Vedlikehald | 238 403,60 | 11 190,03 | 227 213,57 |
| 7420 | Fast gave til NI | 45 000,00 | 45 000,00 | 0,00 |
| 7440 | Gåver/kollektar | 17 780,00 | 14 020,00 | 3 760,00 |
| 7500 | Forsikringspremie | 12 978,00 | 12 402,00 | 576,00 |
| | SUM Andre driftskostnader | 382 347,41 | 147 207,37 | 235 140,04 |
| | SUM Driftskostnader | 425 115,60 | 190 681,22 | 234 434,38 |
| | SUM Driftsresultat | 154 023,60 | 3 330,13 | 150 693,47 |

Finansinntekt og -kostnad

| | Finansinntekter | | |
|------|--------------------------------------|--------|---------|
| | Renteinntekter | | |
| 8050 | Renteinntekt | -22,00 | -635,00 |
| | SUM Renteinntekter | -22,00 | -635,00 |
| | SUM Finansinntekter | -22,00 | -635,00 |
| | Finankostnader | | |
| | Rente kostnader | | |
| 8150 | Bankgebyr | 213,00 | 206,36 |
| | SUM Rente kostnader | 213,00 | 206,36 |
| | SUM Finankostnader | 213,00 | 206,36 |
| | SUM Finansinntekt og -kostnad | 191,00 | -428,64 |
| | | | 619,64 |

Rekneskap for Hundvingrend Indremisjon

Meir om investeringar og likviditet

| | Rekneskap 2017 | Revidert budsjett 2017 | |
|---------------------------------|----------------|------------------------|------|
| Driftsinntekter | 271 | 232 | + 39 |
| Driftsutgifter (før avskrivn.) | 410 | 365 | + 45 |
| Driftsunderskot (før avskrivn.) | 138 | 133 | 5 |
| Investeringar | 10 | 10 | |
| Lån | 40 | 80 | - 40 |
| Bank 31.12 (1.1: 149) | 42 | 86 | - 44 |

Finansiering av investeringar og vedlikehald

| | | | |
|---------------------------------|-----|----|---------------|
| - Kulturmidlar | 15 | 15 | |
| - Prosjektmidlar | 38 | 25 | |
| - Lån | 40 | 80 | |
| - Gjevarteneste per år framover | 108 | 87 | 64 - 87 - 108 |

Det som i ekstraordinært årsmøte i mars vart kalla investeringar, parkeringsplass og storsalen, er i rekneskapen ført som vedlikehald/drift.

03.01.2018

Hundvingrend Indremisjon

Forslag til budsjett for 2018

| | B 2018 | R 2017 | R 2016 |
|------------------------------|---------|---------|---------|
| Driftsinntekter | | | |
| - Medlemspengar | 3 000 | 2 800 | 2 200 |
| - Basar | 40 000 | 40 700 | 40 700 |
| - Gjevarteneste | 108 000 | 83 600 | 67 200 |
| - Kollektar | 15 000 | 19 100 | 10 300 |
| - Andre inntekter | 60 000 | 64 200 | 53 200 |
| - Husleige | 10 000 | 7 800 | 13 800 |
| - Sum driftsinntekter | 236 000 | 218 200 | 187 400 |
| Driftsutgifter | | | |
| - Driftsutgifter | 45 000 | 42 800 | 43 500 |
| - Straum | 30 000 | 33 900 | 24 300 |
| - Andre utgifter | 20 000 | 17 700 | 20 300 |
| - Vedlikehald | 15 000 | 9 000 | 11 200 |
| - Fast gâve til NI | 50 000 | 45 000 | 45 000 |
| - Gåver/kollektar | 18 000 | 17 800 | 14 000 |
| - Forsikring | 13 000 | 13 000 | 12 400 |
| - Sum driftsutgifter | 191 000 | 179 200 | 170 700 |
| Likviditetsoverskot i drifta | 45 000 | 39 000 | 16 700 |
| Tilbakebetaling av lân | 40 000 | | |

Investeringar 2018: ?

Kommentarar:

1. R 2017 betyr rekneskap 2017, korrigert for prosjekta våre (storsalen, parkeringsplass)
2. Dersom me bestemmer oss for investeringar i 2018 kan det vera behov for å justera graden av tilbakebetaling av lânnet

04.01.2018 KG

Inn/utsl.
 - El konti.
 - Miljø. av
 - Matring.
 - aufgåvlekonti.
 - Stro sandkasse
 - drift

